



Til Fylkesrådmannen  
her

Dato: 18.03.2014  
Vår ref.: 2014/12476-2  
Saksbehandlar: laiulv  
Dykkar ref.:

## **Søknad om løyve til å servere vin/øl i samband med landssamling i spesialpedagogikk 10.09.2014**

Opplæringsavdelinga i Hordaland skal vera vertskap for ein festmiddag 10.september 2014 for sakshandsamarar i opplæringsavdelingane i alle fylkeskommunane i landet. Landssamlinga i spesialpedagogikk er ei årleg samling, og organiseringa fagleg og praktisk går på omgang mellom fylka. Vi blir om lag 70 personar, og festmiddagen finn stad på Bølgen og Moi i Bergen. Det er fire deltakarar frå Hordaland fylkeskommune: Petter Tønjum, Akylina Samara, Heidi Follevåg og Laila Ulvestad.

Fylkesdirektøren for opplæring søker med dette løyve til at dei som skal delta på middagen kan få servert vin/øl til maten. Heimefylket til den einkilde deltakar betalar for landssamlinga og for festmiddagen.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*